Årsmelding for Matre- og Haugsdal Helselag for 2022

Årsmøte 8.mars, 2023

Styret 2022 har vore slik:

- Leiar: Lise Dyrhovden
- Nestleiar: Grete Urdal
- Kasserar: Anne Kristin Rafoss (er ikkje med på styremøta)
- Skrivar: Hildegunn Jåstad
- Styremedlem: Maja Aven Dahle

- Talet på medlemer i Matre Haugsdal Helselag (MHH) pr. 31.12.2022 er 21.
- MHH hadde 2 fysiske styremøter i 2022. Me nyttar flittig styret si messengergruppe til informasjonsutveksling og til å avtala oppgåver og ansvar i tilknyting til arrangement o.l.
- Regionmøte på Teams, 1.februar 2022, utan deltakarar frå MHH.
- Fylkesårsmøte vart halde i Bergen, 11.-12. mars 2022, utan deltakarar frå MHH.
- Landsmøte vart halde i Alta, 10.- 12. juni 2022, utan deltakarar frå MHH.
- Inspirasjonssamling i Bergen, 28.-29. oktober 2022, utan deltakarar frå MHH.

- HJARTEVEKA 2022, vart markert frå 7.-15. mai 2022. MHH, SH og HH hadde felles arrangement på Haugsværtunet 7.mai 2022,, med utlodning (3 gevinstar frå kvart lag) kaffi og vaflar. Inger Jåstad møtte for MHH.

- DEMENSAKSJON –2022. Helselaga i indrefjorden var samde om å ikkje ha felles arrangement slik me pleier på Haugsværtunet, men kvart lag støtta aksjonen med det beløpet ein ynskte. MHH gav kr.2000,- til demensaksjonen 2022

- STRIKKEKAFE- MØTEPLASS, i Fellesstova i Eldreboligen i Einekvane, har vore i redusert drift i 2022.

- MHH samarbeider med dei andre helselaga i Indrefjorden og heimetenesta i Masfjorden om VAKSENKAFE på Haugsværtunet, på Helselagsbua, annankvar onsdag. Ein populær møteplass for pensjonistar i alle aldrar, menn og kvinner, med fantastisk godt oppmøte kvar gong.

- TYSDAGSTURANE i Eventyrskogen og til div. gapahukar på Haugsvær, er og har vore eit populært treffpunkt. Mange av MHH sine medlemmer er trufaste deltakarar, kvar veke , i sol, og regn og snø. Flott lavterskeltilbod, der ein kombinerer fysisk aktivitet og sosialt fellesskap.

- JULEGRANTENNING – vart tradisjon tru, arrangert 1.søndag i advent, 27.november 2022. Mørkt og vått, men me hadde opphald under heile «seansen», og 56 stk. Frammøtte hade ei fin stund i Hybelhushagen med god stemning! Juletre levert frå Stian Tverberg, med 50 m ny lyslenke snurra rundt, vart flott! I høve lys på brua; 2 lenker på eine sida og 1 på den andre vart «nok» i år. 2 nye lenker vart innkjøpt.(mange svake punkt på lenkene....) MHH har mål

Ref. 4F4 17T

Skjelsandstranda på Vågeneset treng påfyll, det skal me få til i 2023, i samarbeid med Matre Bygdelag!

Fleire familiar frå Ukraina er no busett på Matre, og laget vårt er spurt om å hjelpa til med ulike praktiske gjeremål. Me må saman gjera så godt me kan, slik att dei finn seg tilrette i våre bygder, medan den grufulle krigen rasar i deira heimland.

Matre, 08.03.2023, Lise Dyrhovden, leiar

| bilag | | inn | ut | |
|---|---|---|---|---|
| | **Balanse** | **73 049,83** | | |
| 1 | Overføring Norsk tipping | 476,70 | | 5 |
| 2 | Gåve Flykningehjelpa | | 10 000,00 | 5 |
| 3 | Blomar | | 245,00 | *4* |
| 4 | Mat til årsmøte | | 111,29 | *10* |
| 5 | Gevinst Hjarteveke | | 203,80 | *2* |
| 6 | Overføring frå Masfjorden kommune | 2 000,00 | | *5* |
| 7 | Blomar | | 350,00 | 4 |
| 8 | Overføring frå Nasjonalforeningen for Folkehelse | 2 992,50 | | *1* |
| 9 | Overføring Norsk tipping | 682,15 | | *5* |
| 10 | Vask av dukar | | 689,50 | *10* |
| 11 | Overføring frå Nasjonalforeningen for Folkehelse | 500,00 | | *1* |
| 12 | Gåve - rosa sløyfeaksjon | | 1 000,00 | 5 |
| 13 | Blomar | | 324,90 | 3 |
| 14 | Adventsgåve til dei eldre (kaffi) | | 1 250,00 | 3 |
| 45 | Adventsgåve til dei eldre (gaveposar) | | 349,50 | 3 |
| 16 | Gløgg julegrantenning | | 264,90 | 2 |
| 17 | Adventsgåve til dei eldre (Twist) | | 1 826,80 | 2 |
| 18 | Fakkel/snop + NYE lyslenker julegrantenning | | 2 001,10 | 2 |
| 19 | Inntekt julegrantenning | 550,20 | | 2 |
| 20 | blomar | | 560,60 | 3 |
| | | **7 201,55** | **19 177,39** | |
| | underskot | | -11 975,84 | 20 |
| | Beholdning 01.01.2022 | 73 049,83 | | |
| | inntekter | 7 201,55 | | |
| | utgifter | | 19 177,39 | |
| | beholdning 31.12.2022 | | 61 073,99 | |
| | | 80 251,38 | 80 251,38 | |

## Resultatrekneskap 2022

| | | inn | ut |
|---|---|---|---|
| ***1*** | Medlemskontigent | 3 493 | |
| ***2*** | basar, kafe, julegrantenning, juletrefest etc | 550 | 4 297 |
| ***3*** | Adventsgåve / blomar til dei over 70 | | 2 160 |
| ***4*** | mat, utstyr, blomar etc | | 920 |
| ***5*** | tilskot etc | 3 159 | 11 000 |
| ***6*** | overføring mellom helselaga / støtte / gåver | | |
| ***7*** | solarium | | |
| ***10*** | administrasjon | | 801 |
| ***11*** | renter / gebyrer | | |
| ***20*** | underskot | | -11 976 |
| | | 7 202 | 7 202 |

Matre 25.02.23

Anne Kristin Rafoss, kasserar

Lise Dyrhovden

Lise Dyrhovden, leiar

REF. 4F417T